

# TEMATISK KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET I HEMSEDAL KOMMUNE 2013 - 2017



# Innhald

1.	Innleiing .....	3
1.1.	Om planen.....	3
1.2	Bakgrunn.....	3
1.3	Planarbeid.....	3
1.4	Evaluering av tidlegare plan.....	5
1.5	Definisjonar.....	6
2.	Status.....	6
2.1	Folketalsutvikling.....	6
2.2	Medlemsutvikling .....	6
2.3	Idrettsanlegg .....	7
2.3.1	Aktivitetar med god anleggsdekking.....	7
2.3.2	Aktivitetar med dårleg anleggsdekking.....	10
2.4	Friluftsliv .....	11
2.4.1	Brukarar av område og anlegg for friluftsliv.....	12
3.	Målsetjingar .....	12
3.1	Relevante målsetjingar i kommuneplanen for Hemsedal 2006- 2018.....	12
3.2	Offentlege mål.....	13
3.3	Kommunale mål.....	13
3.4	Handlingsmål .....	14
3.4.1	Handlingsmål I.....	14
3.4.2	Handlingsmål II.....	14
3.4.3	Handlingsmål III .....	14
3.4.4	Handlingsmål IV .....	14
4.	Verkemiddel.....	15
4.1	Godkjenning av anlegg .....	15
4.2	Finansiering av utbyggingskostnader .....	15
4.2.1	Statleg finansiering.....	15
4.2.2	Økonomisk ramme for spelemiddel .....	15
4.2.3	Friluftsmiddel og andre tilskotsordningar .....	15
4.3	Kommunale virkemidlar .....	16
4.4	Drift og vedlikehald.....	16
5.	Handlingsprogram 2008-2012 .....	16
Vedlegg		
1	Prioritert handlingsprogram 2008- 2009	
2	Uprioritert handlingsprogram 2008- 2020	
3	Eksisterande anlegg i Hemsedal kommune	

# 1. Innleiing

Planen skal vere ein tematisk kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Den er ein del av kommuneplanen. Planen består av ein status, behovsvurdering, målsetjing, handlingsplan (prioriteringar). Planen er retningsgevande, men ikkje juridisk bindande.

## 1.1. Om planen

Kommunedelplanen er fyrst og fremst eit krav for å kunne søke om spelemidlar frå Kulturdepartementet. Kommunedelplanen skal vere eit nyttig verktøy for å planleggje/styre utbygginga av anlegg og område for idrett og friluftsliv. I ein samla plan vil ein få eit godt oversyn over behova på anleggssektoren, og ein vil få eit godt grunnlag til å gjere naudsynte prioriteringar.

Det er viktig at kommunedelplanen sitt hovudmål er i samsvar med dei overordna måla i kommunen si planlegging innafor kultursektoren. Heimel for utarbeiding av kommunedelplanen er nedfelt i *plan- og bygningsloven* § 5-2 og § 11-14.

Sikring av eksisterande og framtidige areal til idretts- og friluftsmål skal skje gjennom arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar og/eller busetjingsplanar. Arealdelen i kommuneplanen er juridisk bindande for arealbruken i kommunen. Arealbehov for idretts- og friluftsmål som vert dokumentert gjennom planarbeidet må innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel, i aktuelle reguleringsplanar og busetjingsplanar.

## 1.2 Bakgrunn

Noverande plan for utbygging av idrettsanlegg vart vedtatt av kommunestyret i sak nr. 85/08. Planen den gongen skulle "eit styringsverktøy i samband med bygging og rehabilitering av idretts-, friluftslivs- og nærmiljøanlegg. Planen omfattar offentlege anlegg, og anlegg eigd og drive av lag og organisasjonar. Kommersielle og privateigde anlegg er ikkje med i planen.

Den nye planen skal halde fram med å vere eit styringsverktøy i samband med bygging og rehabilitering av idretts-, friluftslivs- og nærmiljøanlegg. Planen omfattar offentlege anlegg, og anlegg eigd og drive av lag og organisasjonar, *ikkje* kommersielle eller privateigde anlegg. Tiltaksdelen inneheld ei analyse som gjeld kommuneplanperioden tolv år framover og ein handlingsplan for dei neste fire åra. Handlingsplanen er prioritert, kva for anlegg skal få kommunal støtte, og kva for anlegg skal prioriterast i samband med søknader om spelemidlar.

## 1.3 Planarbeid

Kommuneplanen sin arealdel vart sist vedteken i K-sak 150/11. Arbeidet med ei omfattande revidering av tekstdelen er allereie i gang. Kommunen tek omsyn til skiløyper og turstigar i alt planarbeidet sitt.

I oppstarten med revidering av kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet, vart det annonsert om oppstart for arbeidet i «lokalbladet» Kommuneposten og i Hallingdølen. Føremålet var å få flest moglege lag og enkeltpersonar til å uttale seg i høve til planen.

Følgjande framdriftsplan var sett opp i samband med oppstart av arbeidet med revidering av kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet.

Avgjerdstidspunkt	Milepæl	Kva skal vera gjort/gjerast	Ansvar	Vedtak
7. mars		Sak om oppstart av planarbeid	Kulturkonsulent	Komm.styret
	februar	Kopi av sak sendt til dei involverte	Møtesekretær	
	14. mars 1. mars 14. mars	<i>Kunngjering i Hallingdølen, Kommuneposten og på nettet om oppstart av planarbeid.</i>	Kulturkonsulent	
	14 mars	Brev og info ut til lag og organisasjonar	Kulturkonsulenten	
	<b>15.april</b>	Frist for <b>innspel</b>	Alle som vil høyrast i planprosessen	
	23. mai	Vurdering av innspel til Livsløp	Kulturkonsulenten	
	24 mai	Tverrfagleg plan forum	Kulturkonsulent og teknisk	
	1. juni	Administrasjonen ferdig med planen	Kulturkonsulent	
13. juni		Vedtak om å legge planen ut på <b>høyring</b> .		Livsløp
	juni	Planen sendt ut på høyring.	Kulturkonsulent og møtesekretær	
1. september		Høyringsfrist	Høyringspartar	
	oktober	Frist for å levere saka til Hovudutvalet for Livsløp	Kulturkonsulent	Innstilling Hovudutvalet for Livsløp
oktober		Endeleg <b>vedtak</b> i kommunestyret		Kommunestyret

## 1.4 Evaluering av tidlegare plan

Noverande plan vart godkjent i K-sak 85/08 den 18.september 2008. Planperioden var sett til 2008-2020 for dei uprioriterte tiltaka. Sjølve planen inkludert prioritert handlingsprogram-gjaldt for åra 2008- 2012. Det har vore ein del aktivitet ut frå den gamle planen, sjølv om alt ikkje har vorte gjennomført.

-Sprintkart Trøim Sentrum – Hemsedal idrettslag tildelt kr 38.000 i mindre kostnadskrevjande anlegg hausten 2012

-Ballbinge, Ulsåk skule vart tildelt kr 200.000 i spelemidlar – nærmiljøanlegg juni 2011.

-Nærmiljøkart Tuv – Hemsedal Idrettslag vart tildelt kr 36000 i spelemidlar forenkla ordning våren 2010.

-Lysløype Gravset 750 m og 1 km – Hemsedal idrettslag vart tildelt kr 77000 i spelemidlar nærmiljøanlegg 2010

-O-kart, Eikre – revidering av eksisterande o-kart. Hemsedal idrettslag fekk tildelt kr 109.000 i spelemidlar juni 2009 .

-Aktivitetsanlegg Vøtten Vel – vidareutvikle aktivitetsanlegget med skiløype og akebakke. Dei fekk tildelt kr 18000 i spelemidlar forenkla ordning i 2007.

### Oppfølging for framtida

Symjebasseng er eit etterlengta tiltak, men det er uvisst kva tid det kan bli realisert. Kommuneøkonomien er pressa, men tiltaket er heilt klart med på den prioriterte lista.

Sykkelveg/sti mellom Holdebakken til Tuv på vestsida ville vera ei god løysing for trim og trafikk mellom sentra Tuv, Trøim og Ulsåk.

Revidering av o-kart er absolutt nødvendig for ei o-gruppe med stor aktivitet. Stadig er det endringar i høve til hogst og andre tiltak på areal i Hemsedal.

Utviding av kunstgrasbana er nødvendig for ei fotballgruppe, som har for liten kapasitet på kungstgrasbanen. Mange lag som skal ha tid til både trening og kampar i gjennom sesongen.

Når det gjeld skianlegget på Gravset har Hemsedal fått ein flott skistadion, der vi siste år søkte om spelemidlar til snøkanonanlegg. Snøkanonanlegget er ferdig utbygd i 1km og 2 km løypa. Hemsedal idrettslag ventar på tildeling av midlar.

Langrennsgruppa ynskjer vidare utvikling på Gravset og ynskjer utbygging av snøkanonanlegget til også å dekke 3 km løypa. Vassanlegget er dimensjonert for ei slik utviding.

Snøkanonanlegget har gjeve sjølve stadionsletta og nærliggande området gode snøforhold for å legge til rette for meir skileikprega aktivitetar skileik/skicross. Vidare ynskjer dei å etablere ei varmestugu.

Når det gjeld verstasjonen i Grøndalen som Oslo paragliderklubb ynskjer å bygge, så står han framleis på den uprioriterte lista.

## 1.5 Definisjonar

Anlegga er klassifiserte etter fylgande kategoriar:

### **Nærmiljøanlegg** – ikkje organisert aktivitet

Eit enkelt anlegg for fysisk aktivitet som ligg i eller i direkte tilknytning til eit bustadområde, og som er ein integrert del av dette. Anlegget er berekna for bruk av dei som bur i nærmiljøet og skal ta vare på behov for trim- og friluftaktivitetar for alle aldersgrupper, inkluder barn sitt behov for leik. Nærmiljøanlegg er vanlegvis ikkje berekna på konkurransar etter konkurranseidretten sine reglar. Eksempel på nærmiljøanlegg er nær-o-kart, ballslette og turstigiar.

### **Kommuneanlegg**

Anlegg som dekkjer behovet for konkurransar etter gjeldande reglar på lags- og kretsplan, evt. for nasjonale konkurransar. Særidrettar med stor utbreiing i kommunen bør ha minst eitt slikt anlegg. Eksempel på kommuneanlegg er symjehall, idrettshall og langrennsstadion med løy-penett for konkurransar.

### **Fylkesanlegg og nasjonalanlegg**

Dersom slike anlegg skal inn i planen må det skje i samråd med idrettskretsen og fylkeskulturadministrasjonen. Det er ikkje aktuelt å ta med slike anlegg i denne planen. Det finst ingen slike i Hemsedal i dag.

## 2. Status

Idrettsorganisasjonane sitt ansvar er å aktivisere befolkninga, og å betale den delen av driftskostnadene som dei kan klare *utan at primær oppgåva* lir unødig. Dette gir kommunen eit ansvar for å oppfylle sin del. Det er utarbeidd oversyn over det som er av idrettsanlegg i kommunen. Dette er ein del av Idrettsanleggsregisteret utarbeidd etter pålegg av kulturdepartementet og lagt ut på NIT. Registeret vert oppdatert årleg, etter pålegg frå Kulturdepartementet.

### 2.1 Folketalsutvikling

Hemsedal kommune har i fleire år hatt i overkant av 2000 innbyggjarar. I dag er det om lag 2200 personar busett i kommunen. Folketalet dei seinare åra viser ein aukande tendens. Hemsedal er ein vekstkommune også når det gjeld turisme. I periodar av året bur det meir enn 20 000 personar i kommunen. Som ein konsekvens av Hemsedal sin status som reiselivsdestinasjon nyttar dei aller fleste av dei besøkande seg av dei tilboda som kommunen har av anlegg og område for idrett og friluftsliv.

### 2.2 Medlemsutvikling

I kommunen er det mykje organisert bruk av idrettsanlegga. Hemsedal idrettslag er framleis den største brukargruppa, men skulane nyttar også idrettsanlegga på dagtid. Det meste av bruken her er knytt til nærmiljøområdet rundt skulane og Trøimshallen/ gymnastikksalane. Det er også omfattande bruk av idrettsanlegga i vintersesongen der ungdom med mellombels opphald i bygda sjølve står for aktiviteten. All bruk av gymnastikksal/hall har vore gratis for alle brukargrupper. Det er ikkje gjort forsøk på å talfeste bruken av dei ymse anlegga. Ein kan

også nemne at det mellom Hallingdalskommunane er eit utbreidd samarbeid innan langrenn, alpint og fotball.

Medlemstall pr 16.04.2013

Idrettslag	Medlemstal	U 17 år	18-19 år	20 år	Kvinner	Menn
Hemsedal idrettslag	911	248	34	24	258	342
Hemsedal Skyttarlag	104	15			40	49
Hemsedal Golfklubb	295	37			100	158
Hemsedal skiforening	581	134			194	253

Registrerte medlemstall i Hemsedal idrettslag pr undergruppe pr 31.des.2012

Idrettsgrein	Totalt	t.o.m. 19 år	Kvinner	Menn
Fotball	217	171	19	27
Volleyball	72	29	17	26
Langrenn	84	68	6	10
Alpint	111	49	29	33
Trim	417	48	321	48
Orientering	107	58	19	30
Brettklubben	50	18	9	23
Bordtennis	37	30	0	7
Kampsport	34	25	1	8
Sykkel	22	3	5	14
Freex	78	52	11	15
Allidrett 4 - 12 år	17			

## 2.3 Idrettsanlegg

### 2.3.1 Aktivitetar med anleggsdekking

#### 2.3.1.1 Alpint

I skiheisanlegget har idretten kanskje dei beste tilhøva i landet når det gjeld løyper. Men den organiserte idretten er avhengig av gode tilbod og tilhøve frå heisselskapet si side når det gjeld trening. Det er lite kommunen kan gjere for å betre tilhøva for idretten, anna enn å oppfordre heisselskapa til å fortsette det gode samarbeidet med idrettslaget. Eit godt alpinmiljø gir gode utøvarar som vil representere Hemsedal når dei til dømes kjem på landslaget og deltek i verds cupen.

#### 2.3.1.2 Orientering

Gjennom eit aktivt arbeid i fleire år har orienteringsgruppa bygd opp eit godt tilbod av o-kart i ulike målestokkar. Eikre, Vannin, Ulsåk, Langeset, Torsetåsen., Tuv, Synarsvaet, Lio, Mørkedalen og no sist eit sprintkart som dekkjer området Trøym. Alle karta er digitaliserte.

Men kart er «ferskvare» i Hemsedal. dvs. at i ei kommune som Hemsedal med så stor aktivitet på arealet, føreset ein kontinuerlig revideringsprosess med revidering at eit kart i året. Det er utbyggingar, hogstfelt og andre inngrep i naturen i tillegg til naturleg vekst.

Orienteringsgruppa har sett opp liste for revidering av Torsetåsen, Vannin og Ulsåk, men dei og har på planen eit nytt kart for Sjøheim – Kroken.

Orientering dekkjer ei stor breidde, både i alder, nivå og i alle lag. Den er vorte ein stor familieidrett også dei aller yngste. Dette gjer at Hemsedal har unge som tidleg lærer å bli glad i naturen.

### **2.3.1.3 Volleyball**

Trøimshallen stod ferdig til bruk sommaren 1996. Med den har volleyballidretten fått svært gode tilhøve, og ved fleire høve har gjestande lag vore i bygda på samlingar og til konkurransar. Trøimshallen dekkjer samstundes Hemsedal barne- og ungdomsskule sitt behov for gymnastikksal, saman med inneidrettar som vert drive i regi av idrettslaget og andre. Hallen med sine mål på 24 x 18 m dekkjer alle aktivitetar som vert drive i dag, unnateke fotball.

### **2.3.1.4 Trim**

Med Trøimshallen, Garderobebygget og gymsalar på skulane Tuv og Ulsåk har innandørs trim godt egna lokale for trim. Oppbevaring av utstyr som matter, step-kasser, vekter osv er ei generell utfordring, og særleg i Trøimshallen.

Utandørs trimaktivitetar har gode tilhøve, m a Folk-i-form-løypene som vart oppretta i 1992 i regi av Turvegprosjektet. Topp 20 i regi av Turistkontoret er og eit mykje nytta trimtilbod.

### **2.3.1.5 Skyting**

Hemsedal har ein skyttarbane med 13 elektroniske skyteskiver (100/300 m) på Torsetsida. Anlegget vart bygd i 1972, men i løpet av 2000 tallet har skyttarlaget oppgradert og vedlikeholdt bygningsmassen. I underhøgda i garderobebygget ved Sentral idrettsanlegget har skyttarlaget ein miniatyrskyte bane med 9 elektroniske skyteskiver (15 m). Vedlikehald her skjer i samarbeid med idrettslaget og Hemsedal kommune. Hemsedal skyttarlag er eit aktivt lag som har over 100 medlemmer frå 10 – 75 år. Laget har fleire deltakarar på landsskyttarstemnet kvart år. Krona på verket har vore Kongepokalen frå Landsskyttarstemnet.

### **2.3.1.6 Fotball**

Fotballinteressa er stor i bygda og då vi i 2007 fekk oppgradert grusbane ved Sentralidrettsanlegget til kunstgrasbane auka aktiviteten ytterlegare. Kapasiteten for trening og kampar for alle lag er no sprengt. Fotballgruppa planlegg ei utviding med ein 5-er kunstgrasbane i forlenginga av eksisterande kunstgrasbane.

I tillegg har to av kommunen sine tre skular ballbinge som ein del av sitt uteområde. Den tredje skulen har fått tildelt spelemidlar no i 2013 der ballbingen no er under oppføring..

Når det vert lagt ut areal til bustadfelt vert det og avsett området for leik og idrett.

Utviklinga av ytterlegare aktivitet ved Sentralidrettsanlegget må sjåast i samanheng med området rundt ungdomsklubben og Ungdomshuset Hugnadheim.

I

### **2.3.1.7 Golf/ Tennisbaner**

Golf har blitt ein populær aktivitet som også har appell til ungdom. Vi har to golfbaner i kommunen (ein i Grøndalen og ein saman med Gol ved Eikredammen). Kommunen har ikkje engasjert seg i bygging og drift av anlegga. I samband med golfanlegget i Grøndalen er det også bygd tennisbanar og ein sandvolleyballbane. Hemsedal golfklubb hadde planer om utviding til 12 eller 18 hol. Dette har dei gått bort frå, men dei har forbedret dei eksisterande 9 hol med nye utslagsplassar. Dette gjev større utfordringar for den enkelte spelar.



### **2.3.1.8 Styrketrening**

Trening av styrke er ein viktig del av treningsopplegget for aktive idrettsutøvarar, men også for trimmarar. I samband med bygging av Trøimshallen vart det bygd eit styrketreningsrom i underhøgda. Rommet er godt utstyrt og mange nyttar tilbodet. Styrketreningsrommet blir mykje brukt, og ein merkar at dette er eit treningstilbod som i stor grad appellerer til ein del av sesongarbeidarane i kommunen. Hemsedal idrettslag har drifta av styrketreningsrommet.

### **2.3.1.9 Rullebrettbane/brettgruppa**

Rullebrett dukkar stadig opp som ein populær aktivitet. Ei rullebrettrampe som vart bygd ved Hugnadheim for nokre år sidan er diverre blitt utsett for hærverk. Hemsedal kommune har fått tilbod om å overta ei brukt rampe, denne skal i løpet av sommaren 2013 monterast i tilknytning til Hemsedal barne- og ungdomsskule og Låven aktivitetshus. I Låven er det oppretta brettbane og klatrevegg/buldrevegg.

Brettgruppa har treningar og samlingar på Låven aktivitetshus både sommar og vinter, men nyttar også skisentret på vinteren.

### **2.3.1.10 Langrenn**

Det er Gravset området som vert mest nytta som langrennsområde. Her er det løyper ifrå 750m til 33km som alle vert køyrt opp med løypemaskin. Løypene har litt varierende breidde. Ein kjem inn på løypenettet til sentrum, og til Golsfjellet frå desse løypene. Parkeringsplassen har vorte utbetra og utvida ved fleire høve og det er p-avgift og automatisk bom. P-avgifta går til Hemsedal utmarkservice som administrerer løypekøytinga.

Gravset er satsingsarenaen til langrennsgruppa i HIL. Etter at reguleringsplanen for Gravset vart godkjent i 2011, har langrennsgruppa kunne intensivere arbeidet med å fullføre planlagte utbetringar.

Langrennsgruppa har fleire prosjekt på planen for å utbetre Gravset som langrennsarena:

- Kunstsnø i 3km runden
- Varmestugu på Gravset.

Dette for å kunne betre toalett tilhøva, bruk til undervisning under trening, og som eit samlingspunkt og miljøbyggjande tiltak. Ein vil også kunne få til eit tilfredstillande kiosk tilbod.

- Langrennscross/ skileik
- Breiare trasear for å betre tilhøva for skøyting.

Utover behova langrennsgruppa har vil dette tiltaket også kome andre langrennsløparar til gode, å heve tilbodet ytterlegar for alle som nyttar seg av skiløypene rundt Gravset.

Langrennsgruppa arrangerar 3 store renn pr sesong. Gravsetrennet og Hemsedalsrennet, samt Barnas Holmenkolldag i samarbeid med Hemsedal Skiforening. Til saman har det vore om lag 750 deltakarar på desse tre renna. Kunstsnøanlegget er med på å sikre avvikling av renna.

Skiløypa i Totteskogen vert nytta av turistar og dei som bur i sentrum og i Holdebakkområdet. Samtidig er området svært attraktivt som nærmiljøområde for Trøim.

I løpet av perioden har fleire løyper i høgfjellet vorte preparert med trakkemaskin. Dette har vore med på å betre det totale langrennstilbodet for både dei fastbuande og dei tilreisande. Det nyaste tilskotet er "online" oppdatering av når skiløypa sist er trakka.

### **2.3.1.11 Kampsport**

Hemsedal Idrettslag – Kampsport er ei gruppe som representerar to forskjellige greiner innan japansk kampkunst: Wado Ryu som er Karate og Jujitsu og Katori Shinto Ryu som er japansk våpenkunst. Det skal nemnast at leiar i kampsportgruppa har bygget sin eigen kampsport hall heime på garden. Den største utfordringa er å skaffe eit golv (belegg?matter?) til treningslokalet som er både mjukt og robust nok til treningsformen.

## **2.3.2 Aktivitetar med dårleg anleggsdekking**

### **2.3.2.1 Symjing**

Når hemsedøler skal lære å symje må dei dra til Gol, med mindre dei nyttar fine sommardagar. Bygging av symjehall har vore gjenstand for diskusjon i fleire utval og politiske styre. Det føreligg både planar og teikningar for hall, utan at det er kome noko nærare avklaring. Ei gruppe som arbeidet med spørsmålet om symjehall overleverte i 2009 ein rapport til kommunestyret. Denne gruppa har sett på ulike løysingar for å kunne realisere draumen om symjehall og behandlingsbasseng. Etterspurnaden etter symjehall er stor blant bygdefolk, men til no har ikkje kommunen sett seg i stand til korkje å bygge eller drive ein hall.

### **2.3.2.2 Hopp/skileik**

Hoppporten har vore meir populær i bygda enn kva som er tilfelle i dag – då vi ikkje har nokon hoppbakke. Sist vinter vart ein gamal hoppbakke, Stupulbakkjin, nytta til hopprenn, då med hopp laga av snø. Det er ønskeleg i samband med planlegginga av skileikområde at ein også planlegg mindre hoppbakkar. Ein eller fleire hoppbakkar høyrer med i eit skileikanlegg. Alle bør har moglegheit til skileik i nærområdet, og dette er noko ein må ta omsyn til ved planlegging av bustadområde.

Langrennsgruppa ønskjer å lage eit skileikområde på Gravset, like ved stadion. Dei planlegg ei oppgradering av dei kortaste løypene ved skistadion, for å knytte desse til eit skileikområde.

### **2.3.2.3 Klatrevegg**

Heilt sidan slutten av 60-talet har Hemsedal vore eit sentrum for fjellklatring i Sør-Norge. Fleire tiår før den tid vart dei første rutene i dalen gått opp. Naturen her har trekt til seg fjellklatrarar, men seinare også isklatrarar etter at denne sporten vart introdusert i Norge på 70-talet. Etterkvart som interessa for klatring i konkurransesamanheng har auka har også fleire klatrarar trekt til innandørs klatreveggar. Hemsedal har dei siste åra fått utgjewe ein klatrefører (guid/bok) for anbefalte turar både sommar og vinter.

I Låven aktivitetssenter er det ferdigstilt innandørs buldre/klatrevegg. Hemsedal turistkontor har sett opp ein klatrestein/klatresopp ved badeplassen i Hemsedal sentrum. I tilknytning til denne er det også sett opp fleire klatrestativ. Her skal det i løpet av sommaren 2013 opp fleire aktivitetsapparat td. slakk line.

### **2.3.2.4 Luftsportanlegg**

Dei bratte dalsidene i Hemsedal innbyr til flotte opplevingar for hangglidarar og paraglidarar. Sidan slutten av 80-talet har Hemsedal blitt ein populær stad for mellom anna Oslo Paragliderklubb. Kvar helg sommar og vinter kan ein sjå fargesprakande fallskjermar over Ulsåk/Trøim eller i Grøndalen.

### **2.3.2.5 Skøytebaner**

Når tilhøva ligg til rette for det vert skuleplassar, balløkk på Svøo og ved nokre høve idrettsbanen sprøyta med vatn for å få til skøyteis i vinterhalvåret. Ved barneanlegget til skiheisen har dei og bygd skøytebane, som vert nytta av både barn, ungdom og turistar. Mindre skøytebanar er eit fint tilskot til nærmiljøanlegga.

### 2.3.2.6 Riding

Det er fleire som eig sin eigen hest i Hemsedal, og desse rir stort sett på stigar og grusvegar. Dette medfører stor slitasje og det har ved nokre høve vore drøfta om ein skal ha særskilde ridevegar.

I tillegg til dei private hestane er det tre aktørar som gir tilbod om rideturar i Hemsedal.

### 2.3.2.7 Sykkel

Dei siste åra er det tilrettelagt for ein del sykkelstigar og løyper i Hemsedal.

Hemsedal turistkontor har laga en lang kloppesti - bruer over myr på Kjølen. Sykkelgruppa har drevet utstrakt reinsking av sti nede i dalen og oppå fjellet for å gjere stisykling meire attraktivt. Sykkelgruppa har bygd ein del bruer og rensket løyper for heisbasert sykling i samband med skisenteret.

I august arrangerer også sykkelgruppa norges cup for heisbasert utforsykling, og har også en sykkelfestival kvart år.

## 2.4 Friluftsliv

Norsk friluftslivstradisjon har ei meir enn 100-årig lang historie og er ein del av mange si sjølvkjensle av å vere norsk. Men utan heimel i lovverket hadde vi neppe hatt høve til å drive eit så rikt og allsidig friluftsliv her til lands. Grunnlaget for friluftslivet er folk sin rett til fri ferdsel i utmark, om vinteren også på innmark (friluftsløven av 28. juni 1958). I omgrepet *fri* ligg ei plikt til varsam framferd, ein må vise omsyn til naturen og andre som ferdast ute. *Kva* slags ferdsel vert regulert av ei rekkje lover, t d naturvernlova, lov om motorisert ferdsel, bufelova osv.

Friluftslivet i Hemsedal har svært gode naturgitte føresetnader - både sommar og vinter. Anlegga er i første rekkje knytt til kart, og oppmerka turvegar og skiløyper. Nokre av anlegga er i nærmiljøet, medan andre må ein nytte transport for å kome til. Parkeringsplassar ved nokre av utfartsstadene må reknast med ettersom p-plassen er anlagt med tanke på fysisk aktivitet, likeeins badeplassar, utspringspunkt for paraglider, klatreområde osv.

Det som gjer at Hemsedal kjem i ei særskild stilling i høve til mange andre kommunar er at mange aktivitetar har eit tilbod også gjennom dei kommersielle verksemdene, og i tilbod frå Turistkontoret og private firma som Norske Opplevelser. Det er ikkje ønskeleg at ein i kommunal regi skal byggje anlegg som konkurrerer med desse, tvert i mot er det naturleg med eit samarbeid. Kommunen si oppgåve må vere å sikre eit best mogleg tilbod til innbyggjarane då er det mindre viktig kven som står for tilbodet.

Kommunen deler ansvaret for arbeidet med turveg- og skiløypenettet med turistnæringa. Ein tredje, like viktig part, er grunneigarane som vederlagsfritt stiller grunn til disposisjon. Arbeidet med løypenettet vert organisert av Hemsedal utmarksservice..

Kommunen er godt dekkja når det gjeld turkart. Orienteringsgruppa i idrettslaget har i tillegg til ei rekkje o-kart, også laga to turkart og eit skikart i målestokk 1:30 000.

I kommuneplanen er det fastslått at ved planlegging av utbyggingsområde skal omsynet til friluftsliv vektleggjast ved å halde på stigar og ferdselskorridorar.

Skiløyper er eit viktig element å oppretthalde og skal ikkje nedbyggast. Dersom skiløyper og stigar vert truga av nedbygging skal det gjennom planarbeidet utgreiast alternativ.

Hemsedal kommune arbeider og i desse dagar med revidering av kommunen sin stig og løypeplan.

### **2.4.1 Brukarar av område og anlegg for friluftsliv**

Anlegg og område for friluftsliv rettar seg like mykje til fastbuande som til gjester i bygda. Folk som kjem på besøk er i første rekkje ute etter opplevingar i friluft, anten det er tilrette- lagde aktivitetar i skisenteret eller i langrennsløypene, eller det er ved eit stille fiskevatn langt frå folk. Dei fleste av oss ynskjer å kunne velje, - og som eit attraktivt feriemål eller ein stad ein ønskjer å bli buande - naturen er den fremste attraksjonen vi har i Hemsedal.

Det er vanskeleg å seie noko eksakt om brukartalet når det gjeld friluftsliv. Områda som er tilgjengelege blir svært godt besøkt, det syner t d overfylte p-plassar i Gravset-området om vinteren og yrande badeliv i Grytevatnet, sentrum og Rjukandefossen om sommaren.

Tilbodet når det gjeld tilrettelagt friluftsliv er organisert gjennom idrettslaget og o-gruppa sitt tilbod om tur- og skiorientering, og frå turistkontoret si side med Topp-20 og tilrettelagte tur- tilbod med eller utan vegleiar. I tillegg kjem skulen som har eit omfattande program i friluftsliv.

I kommunedelplanen:

Korleis det er der barn veks opp er avgjerande for ein trygg oppvekst, motorisk utvikling og god helse. Barna sin kvardag blir meir og meir stillesittande. Å skape omgjevnadar som gjev rom for fantasibasert leik, samvær og fysisk utfalding vert stadig meir viktig. Barn treng ulike muligheiter for utfalding av aktivitetar og ulike typar møteplassar avhengig av alder.

I planlegginga er det derfor viktig å sikre og skape gode plasser for barn som gjev rom for utfalding. Samtidig som vi ikkje må gløyme litt større barn som gjerne treng større område til andre typar aktivitetar som sykling, ballspel, skating med meir. Sjølv om det er eit stort sentralanlegg med stor fotballbane i Hemsedal, er dette ikkje alt. Utfordringa er å avsette areal for barn og unge i tettstadane og i nærområda der dei bur. For barn som veks opp i spreidd busetnad på ulike stader i grendene er dette med leike – og tumleareal ikkje det same behovet som tilrettelegging i tettstadane. Ved planlegging og lokalisering av bustadareal er trygge skuleveggar viktig og at det er gang- og sykkelvegsamband frå bustadfeltet til skule og sentrumsområda. Spesielt er dette viktig i turistbygda Hemsedal som stadig er under utvikling med turistutbyggingar med fleire gjester og dermed og auka biltrafikk i tillegg til stor gjennomgangstrafikk- aust - vest på Rv52.

## **3. Målsetjingar**

### **3.1 Relevante målsetjingar i kommuneplanen for Hemsedal 2013- 2025.**

I Kommuneplanen for Hemsedal er det formulert langsiktige målsetjingar som også blir fø- rande for denne planen:

- Det skal vere klare grenser mellom utbygde område og landbruks-, natur- og friluftsområde.
- Fritidsaktivitetar skal tilpassast etter barn og unge sine behov og føresetnader.
- Areal skal vere store nok, og eigne seg for leik og opphald, gjere det mogeleg å leike på ulike måtar til ulike årstider, kunne brukast av ulike aldersgrupper og stimulere til samhand- ling mellom barn, unge og vaksne.

## 3.2 Offentlege mål

Dei statlege målsetjingane er å bidra til utbygging og rehabilitering av infrastruktur, slik at flest mogleg kan drive idrett og fysisk aktivitet. Prioritert målgruppe er barn og ungdom i alderen 6-19 år.

Fylkesplanen for Buskerud seier at ei ønskja utvikling skal vera bærekraftig, helsefremmande og spesielt ta utgangspunkt i dei utfordringane barn og unge møter. Ei helsefremmande utvikling betyr ei utvikling der folk sin motivasjon og moglegheit for å ta vare på eigen helse vert styrka.

## 3.3 Kommunale mål

I ein liten kommune som Hemsedal er det vanskeleg å forutsjå alt som kan skje over ein så lang periode som denne planen går over. Personlege ressursar og engasjement er ofte avgjerande for å få gjennomført tiltaka. Kommunen har hatt liten ressurs til dei tilsette på kultursida og har difor ikkje kunna fylgje opp desse sakene så godt dei seinare åra.

Plan for idrett og fysisk aktivitet er med på å leggje til rette barn og unge sitt oppvekstmiljø. Dei kommunale måla i ein slik plan er ein konsekvens av dei føringar og mål som er lagt til grunn i andre kommunale planar, slik som arealplanen og dei strategiar den er bygd på. I tillegg til at areala skal vere store nok og eigne seg for leik og opphald, er det også viktig at areala og anlegga som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot ureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. Det er også viktig å ver merksam på den idrettspolitiske strategien som idrettsorganisasjonane og styresmaktene legg opp til, og ta omsyn til dei i planlegginga.

Den viktigaste idrettspolitiske oppgåva framover vil vere å stimulere idrettsinteressa hjå barn og ungdom. Ei for strek satsing på på idrettsanlegg som er dyre å bygge og drive, vil kunne gje mindre handlefridom til å stø dei mange tiltaka som gir stor aktivitetsgevinst blant dei yngste. Det er difor viktig å sjå kostnaden ved anlegga i forhold til den forventta aktiviteten dei vil skape.

I ein kommune som Hemsedal, med rikt høve til å drive idrett og aktivitet i friluft, bør ein også stille spørsmål om det er ynskjeleg med ei strek prioritering av aktivitetar i kostnads-krevjande innandørsanlegg framfor aktivitetar i langt mindre kostnads-krevjande anlegg utan dørs

Hemsedal er ein kommune med sær god moglegheit for å drive eit allsidig og variert friluftsliv både sommar og vinter. Fjella er grunnlaget for verdiane i Hemsedal. Verdigrunnlag og forvaltning må sjåast i samanheng. Det overordna må vere å bruke, men ikkje forbruke naturen. Kommunen støttar gjennom tilskot til Hemsedal utmarksservice og Hemsedal turisttrafikklag, tiltak som gjer friluftsliv meir tilgjengeleg for fleire og større grupper av både fastbuande og tilreisande.

Det er eit godt utbygd løypenett i tillegg til skiheisane, og mange spennande fjellturar for fleire årstider. Det er også nærturområde i tilknytning til tettstadane. I sentra Tuv, Trøym og Ulsåk er det tilrettelagt med merka turstigar. Torsetåsen er også eit viktig område for friluftsliv, der potensialet kan nyttast betre.

I nær tilknytning til Trøym finn ein "Folk-i-form"-løypene med Kongevegen som ei forlenging av dette turløypenettet. Dei seinare åra har prosjektet "Topp 20 i Hemsedal" gjort mange fjelltoppar lettare tilgjengeleg for fleire brukargrupper. Ein skal ikkje sjå bort i frå at ei slik satsing på merking av turveggar har ført til auke i motivasjonen for å drive fysisk aktivitet hjå ein del av innbyggjarane.

Måla er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge.

## **3.4 Handlingsmål**

### **3.4.1 Handlingsmål I**

**Leggje til rette område for skiturar, trening og konkurransar for langrennssporten,** Gravset-området og området mellom Ulsåk og Tuv er aktuelle område. På Gravset er det ønskeleg å ha langrennsarena med gode parkeringstilhøve, varместugu, toalett, lys o a. Utvikling av løypenettet er også viktig for langrennssporten. Området mellom Ulsåk og Tuv er nærmiljøområdet for ein stor del av bygda sin befolkning og er mykje nytta av turistar i tillegg. Det er på Gravset ein ønskjer at hovudstadion for langrennsaktivitetar skal vera i Hemsedal. Der- som skiskyting skulle vara aktuelt i framtida bør det etablerast i tilknytning til skiløypene på Gravset.

### **3.4.2 Handlingsmål II**

#### **Byggje og ruste opp eksisterande nærmiljøanlegg**

I kommunen er det mange leikeplassar, balløkker, skuleplassar og andre møtestader i nærleiken av der folk er. Mykje av den uorganiserte leiken skjer på desse stadene og dei er svært viktige for trivsel og sosial aktivitet. Ei opprusting av desse stadene vert prioritert. Vidare må det planleggjast nærmiljøområde samstundes med opparbeiding av nye bustadfelt.

### **3.4.3 Handlingsmål III**

#### **Ruste opp eksisterande anlegg og område**

Ved å auke breidda i tilbodet ved sentralidrettsanlegget, Trøimshallen og gymsalane i kommunen, får ein betre og meir fleksibel bruk av anlegga. Enkle ombyggingar, utvidingar og rehabilitering er betre enn kostbare nyanlegg.

### **3.4.4 Handlingsmål IV**

#### **Vidareutvikle nærområde og andre eigna område for friluftslivet**

Det er viktig at folk som bur i Hemsedal har høve til å kome ut i naturen i nærmiljøet sitt. Eit mål med turvegprosjektet var at folk lett skulle ha tilgang til naturmark utan konflikt med utbyggingar og landbruksdrift. Folk i form-løypene er eksempel på slik tilrettelegging. Det er viktig at desse vert følgd opp etter som nye område vert bygd ut, dette gjeld både område til bustader, næringsområde og hyttefelt. Vidare at same omsyn blir tatt når det gjeld skiløyper og skileikområde.

**Prosjektet Sykkelstamvegen** i Hallingdal har skilta vegar som eignar seg for sykling. I Hemsedal er det skilta veg på vestsida av Heimsila fram til Trøym. Frå Trøym har det vorte lagt til rette for, og skilta sykkelveg til Fagerset. Denne kan vi vidareføre over til Ål og til Lærdal. Saman med vegane over mot Lykkja og Valdres skal det lite til før Hemsedal har eit svært godt tilbod for syklistar.

**Heimsila** er ei svært populær fiskeelv og det er mange fine plassar for turgåarar langs elva. Det er viktig at ein legg til rette for ferdsel langs elva der dette er mogleg. I samband med turvegprosjektet og seinare med SMIL-midlar, er det restaurert fleire hengjebruer for å lette ferdsla. Det er mykje meir som kan gjerast. Særleg er det viktig at opprinneleg elvebredd med vegetasjonsbeltet vert tatt omsyn til ved dyrking, byggjeprojekt og andre inngrep.

## 4. Verkemiddel

### 4.1 Godkjenning av anlegg

Teknisk godkjenning av dei fleste idrettsanlegga vart frå 1987 delegert til kommunane. I Hemsedal er det byggesaksansvarleg på teknisk etat saman med kulturetaten som godkjenner anlegg. Den kommunale godkjenninga av planer for det einstilte idrettsanlegg omfattar følgjande idrettsfaglege og idrettspolitiske forhold:

- Anlegget må vere planlagt i samsvar med idretten sine krav og spesifikasjonar.
- Behovet for anlegget må kunne dokumenterast i denne planen og handlingsprogrammet for 2013-2025.
- Dei estetiske og miljømessige sidene ved planane må vere ivaretatt.
- Alle idretts og nærmiljøanlegg, må så langt det let seg gjera ha universell utforming.

Byggesaksansvarleg og kulturetaten kan gje naudsynt rettleiing.

### 4.2 Finansiering av utbyggingskostnader

Kommunen investerer i eigne anlegg og kan gje støtte til frivillige lag ved bygging av prioriterte anlegg. Denne planen prioriterer anlegg der ein skal kunne søkje om statleg og kommunal støtte. Ekstern finansiering vil vere avhengig av formålet med anlegget. Eigeninnsats i form av dugnad og sponsoravtalar er også viktige finansieringskjelder.

Økonomiplanen som kvart år vert rullert og vedtatt av kommunestyret fastset rammer for tilskot til private anlegg og kommunale investeringar til nyanlegg, rehabilitering og nærmiljøanlegg. Rammene er retningsgjevande og kan endrast i samband med handsaminga av årsbudsjetta og seinare rulleringar av økonomiplanen.

#### 4.2.1 Statleg finansiering

Spelemiddel vert årleg løyvd av Kulturdepartementet. Kulturetaten har informasjon om dei til ei kvar tid gjeldande reglementa.

Søknadsmengda på statlege middel overskrir langt den årlege tildelinga, og difor tek det ofte lang tid frå søknaden vert sendt til spelemiddel vert tildelt. Utbyggjar må difor rekne med å forskottere statleg støtte, med den ekstra kostnaden det inneber.

#### 4.2.2 Økonomisk ramme for spelemiddel

Nærmiljøanlegg: Inntil 50 % av totalkostnadene, maks kr 400 000.

Ordinære anlegg og rehabilitering: Inntil 1/3 av kostnaden, maks grense kr. 700 000.

Fastsett særskild maks tilskuddsbeløp for enkelte anleggstypar.

#### 4.2.3 Friluftsmiddel og andre tilskotsordningar

Miljøverndepartementet har tilskotsordningar til naturforvaltningstiltak. I tillegg kjem anna statleg og fylkeskommunal finansiering av spesielle tiltak. Kulturetaten vil prøve å ha oversikt over moglege søknadsadresser.

Kommunen kan få SMIL-midlar (spesielle miljøtiltak i landbruket) som ein kan søke om tilskot frå. Det er mest aktuelt med tilskot til stigar og turvegar frå SMIL.

### 4.3 Kommunale virkemidler

Hemsedal kommune har eit sterkt ønskje om å bidra økonomisk til aktivitetar og anlegg som er prioriterte i planen. Grunna pressa kommuneøkonomi er det ikkje sett opp dei store summene med tilskot frå kommunen på den prioriterte lista. Likevel vil kommunen bidra så godt som han kan. Kommunen løyver eit større beløp til Hemsedal utmarksservice som køyrer opp skiløyper og heldt i stand ein del av stigane. I tillegg har kommunen driftsutgifter til ulike bygg og anlegg over driftsbudsjettet til verksemda eigedom. Dette gjeld mellom anna Trøimshallen og garderobebygget. Brøyting av parkeringsplassar vert teken over driftsbudsjettet til verksemda teknisk drift

Planen legg ikkje opp til andre ordningar enn dei som allereie finst. Kommunen sitt engasjement vil variere frå år til år. Storleiken på tilskota vil variere ut frå den økonomiske situasjonen og ut frå dei prosjekta som det vert søkt om. Tidlegare dekkja ofte kommunen og spelemidlane 1/3 kvar i tilskot. Den siste tredjedelen var det søker sjølv som stilte med. I dag er økonomien slik at det ikkje er sjølvsgatt kor mye kommunen kan gå inn med. Dette vert vurdert i kvart einskild tilfelle.

Det same gjeld for nærmiljøanlegg, der ein kan få spelemidler til 50% av kostnadane. Den prioriterte oversikta viser kva kommunen er villige til å gi i tilskot, men det må vurderast i kvar sak om kommunen har midlar til dette. Kommunen kan difor ikkje gje nokon lovnad på desse midlane, før det er gjort eit vedtak i kvar einskild sak.

### 4.4 Drift og vedlikehald

Nyanlegg gir auka driftsansvar. Før ein vedtek ei investering er det viktig at det har vore ein gjennomgang av driftskonsekvensane. Driftsutgifter er utgifter til driftspersonale, oppvarming, lys, vedlikehald, trygding, kommunale avgifter osv. Driftsinntekter vil vere tilskot frå ulike organisasjonar, utleige, sponsor/reklameinntekter, dugnadsinnsats mm. Det er viktig å avklare kven som er ansvarleg for drifta. Kva er kommunen sitt ansvar og kva skal brukarane gjere?

## 5. Handlingsprogram 2013-2025

I handlingsprogrammet er prosjekta delt inn i følgjande grupper:

- **Utbygging av idrettsanlegg og friluftstiltak- ordinære anlegg**
- **Nærmiljøanlegg**
- **Rehabilitering av eksisterande anlegg**

Innanfor kvar anleggsgruppe er prosjekta oppført i prioritert rekkefølge. Dei anleggsprosjekta som er prioritert i perioden 2013 -2017 utgjer ei investering på knappe 28 mill kroner. Dette er planlagt finansiert på følgjande måte:

- Kommunale investeringar
- Tilskot frå spelemidlane, evt tilskot frå friluftsmidler
- Eigenkapital frå laga og dugnadsinnsats
- Tilskot/gåver/rabattar frå andre



All investering er føreslått under føresetnad om tildeling av statlege midlar og privat finansiering i følgje forslag stilt av lag/foreining. I den vidare prioriteringa er kommunen sine hovudmål og handlingsmål følgt. Denne planen erstattar ikkje handsaming etter plan- og bygningsloven for det einsskilde prosjekt.

Til slutt er det tatt med ei ikkje-prioritert liste over innmelde anleggsbehov som ligg 4-12 år fram i tida, eller lenger.

Eventuell endring i dei økonomiske føresetnadene og status for prosjekta vert tatt opp i samband med økonomiplanen (den fireårige handlingsprogrammet) og det årlege budsjettarbeidet. Løyvde midlar som vert frigitt ved endringar i framdrifta for det einsskilde prosjekt kan om-disponerast til å gjennomføre andre prosjekt.